



Arkiv nr:

Sak nr 16/21

Møtedato: 12.05.21


Møtestad: Slidre

Saksbehandlar: Kenneth Monsen

## Uttale til varsel om planoppstart: Brennabu leirskule

Fjellstyret har motteke varsel om planoppstart for reguleringsarbeid kring Brennabu leirskule.

Arealet omfattar ca 110 daa totalt. I tillegg til eksisterande areal avsett til Brennabu leirskule omfattar dette og 2 næringsområde (S1 og S6), gjennomgåande skiheis-tilkopling samt friluftsområder/landbruksområde.



For deler av dette området er det allereie innløyyst beite interesser gjennom avsetning til eit fond som fjellstyret disponerer (i all hovudsak brukt opp til landbruksiltak). Det inneber at uttale etter Fjelloven §12 ang grunn disponeringstiltak er mindre aktuelt når det gjeld tilhøvet til beite.

Imidlertid står det definert i Fjelloven § 12 at fjellstyret skal ha ½ part av dei inntekter for tomtefeste av hytter og hotell, dette gjeld m.a. dei to næringsområda S1 og S2.

Vidare har og fjellstyret eit generelt ansvar for friluftsliv og tilrettelegging for almenta, som og skal vektleggast.

Det er viktig å ivareta eksisterande næringar og arbeidsplassar på Vaset, jfr Fjellov § 11 der ein skal «styrkje næringsgrunnlaget til dei bygder som har allmenningsbruk». Brennabu Leirskule er en av dei største i landet, der det er mange heiltids stillingar knytt til kommunen slik at dette er og eit vesentleg moment

Per i dag er ca 31 daa regulert avsett til leirskule. Det er uavklara kor mykje av de 110 daa som omfattas av planoppstarten som vil bli regulert til leirskule. Planfremjer oppgjer at «*Det er gjennom en reguleringsplan ønskelig å sikre tilstrekkelig uteområder i tilknytting til leirskolen samtidig som det er ønskelig å legge til rette for videre utvikling av leirskolen og dens drift med tilhørende bygninger.*»

### Verknader for beite/landbruksinteresser:

Sidan dette området i praksis er innløyyst når det gjeld beiteinteresser vil dette i liten grad berøre beite interesser.

### Verknader for friluftsliv:

Deler av området kan ha negativ innverknad på friluftsliv dersom det vert omregulert slik at friluftsliv/tilretteleggingstiltak vert hindra. Ein tenker då særskilt på området vest for leirskulen (Fnr 110) og stølsjordet (Fnr 725).

Ein skjønner godt at leirskulen ynskjer å sikre frie korridorar inn og ut frå leirskulen, og hindre aktivitet som ikkje er forenlig med leirskuledrift rett ved sida av. Likevel kunne dette arealet godt ha vore tilrettelagt for eks parkeringsplass for skiløype/utfart i løypene sommerstid osv (Dette er spelt inn til kommuneplan revisjon ved uttale i sak 16/2018). Slike tilretteleggingstiltak i området her burde ikkje avstengast som følgje av ny plan.

### Verknader for økonomi i fjellstyret:

Det er fleire festenummer som har blitt bygd ut på næringsområde, som då går under «hytter og hotell» som fjellstyret får ½ festeinntekt av. Desse festeinntektene er sjølvsagt viktige for vidare drift i

fjellstyret/bruksberettiga/allmennne tilretteleggingstiltak. Så må dette og sjåast opp i mot det å styrkje «næringsgrunnlaget i tilhøyrande bygder».

Dersom eks S1 og S6 (dette inkluderer festenummer 1003, 1007 og 1051, i tillegg kjem Fnr 993 som er oppsett som reiselivsbedrift) vert omregulert til noko anna enn hytter og hotell – som dei i utgangspunktet er bygd i tråd med, vil dette kunne påverke fjellstyret økonomisk med ei redusert overføring.

Fjellstyret får ingen halvdel av anna enn dei næringar som er definert som hytter og hotell. Det inneber at dersom dei nemnde areal definerast som eksempelvis «offentlig», og bygningsmassen endres, tas dette tilskuddet til fjellkassa bort. Evt utviding av bygningsmasse på dei areal som defineres som noko anna enn «hytter og hotell» vil heller ikkje i framtida gje tilskott til fjellkassa.

Ein endring til offentleg formål (leirskule) vil riktignok kunne gje driftsselskapet bak leirskulen betre rammevilkår når det gjeld feste avgift, som vert redusert i høve til om det definerast som næringsområde.

#### Endring av arealbruk frå gjeldande plan:

Det blir då ein diskusjon i kor stor grad skal fjellstyret tilrå ein endra arealbruk bort i frå det som opprinneleg vart godkjent (næringsareal/hytte-utleige), som då gjev tilskott til fjellkassa. Ihvertfall sett opp i mot den utleigeverksemda av hyttene som foregår på Brennabu utanom leirskule året.

Det er viktig å støtte opp under utvikling av Brennabu leirskule som er ein vesentleg næringsaktør på Vaset. Dersom det planlegges ein endring av arealformål, bør det likevel poengterast frå fjellstyret at vidare bygging av overnatting til leirskulen bør konsentrerast på Fnr 110 – som i dag skal huse dei aktivitetar knytt direkte til leirskulen.

Evt utviding av bygningsmasse på Fnr 1053 bør fortsatt skje som eit næringsområde, og det bør setjast rekkefølge føresegn som sikrar ein «tett utbygging» på Fnr 1053 før anna tilliggande næringsareal vert take i bruk.

Dersom Fnr 1007/1051 skal endras i arealbruk, bør dette primært gje gjennom aktivitetstilbod og ikkje gjennom bygningsmasse – ihvertfall ikkje knytt til overnatting til leirskulen som bør primært skje på Fnr 110/ evt som utleigehytter på Fnr 1053.

Når det gjeld «vaktmester bustaden» tilhøyrande næringsområde S6, bør denne fortsatt vere tilknytt næringsområdet. Det er tross alt ført opp 2 sjølvstendige bustader tilknytta festenummer 110 (Panoramavegen 1019 og 1021). Ein skulle tru at dette burde vere nok for den drifta som er tilknytta leirskulen.

Oppsummert tilrår administrasjonen å gje ei uttale der ein er positiv til dei tiltak som sikrar drift på Brennabu leirskule, men at det må tas omsyn til følgjande:

1. Framtidig tilretteleggingstiltak for friluftsliv vest for Brennabu (mot stølsjorde Fnr 725)
2. Fremtidig overnattingskapasitet direkte tilknytt Brennabu leirskule bør utviklast på Fnr 110
3. Dei allereie utbygde næringsområda S1 og S6 vert vidareført som næringsområde, og evt ny utbygging bør først skje gjennom fortetting på areal allereie take i bruk.

#### **Framlegg til vedtak**

Fjellstyret er positiv til dei tiltak som sikrar drift på Brennabu leirskule, men at det må tas omsyn til følgjande:

1. Framtidig tilretteleggingstiltak for friluftsliv vest for Brennabu (mot stølsjorde Fnr 725)
2. Framtidig overnattingskapasitet direkte tilknytt Brennabu leirskule bør utviklast på Fnr 110
3. Dei allereie utbygde næringsområda S1 og S6 vert vidareført som næringsområde, og evt ny utbygging bør først skje gjennom fortetting på areal allereie take i bruk.

## **Vedtak**

Habiliteten til fjellstyremedlemmer som sit i kommunestyret er, for tida, uavklara i Vestre Slidre i saker som gjeld statsalmenninga.

For å unngå at fjellstyremedlemmer kan bli utelukka frå politisk behandling av «Varsel om planoppstart-Brennabu leirskule», tek fjellstyret ikkje stilling til saka her og gje dermed inga uttale slik Statskog spør etter.

*Generelle reglar om fjellstyrevedtak:*

*Etter § 10 i fjellova tek fjellstyrevedtaket til å gjelde 4 veker etter at det er gjeve melding om vedtaket.*

*Byggeløyver er ikkje gyldig før kommunen har godkjent søknaden, alternativt at det sendt byggemelding for bygg som berre krev meldeplikt. Dersom bygginga ikkje er starta opp innan 3 år fell løyvet bort.*

*I følgje §28 i forvaltningsloven kan enkelvedtak/forskrift klagast over og forvaltningslova sine reglar er gjort gjeldande for fjellstyret si saksbehandling etter fjellova, jf. §10 i fjellova . Etter forvaltningslova § 2 fyrste ledd bokstav a er «vedtak» definert som «en avgjørelse som treffes under utøving av offentlig myndighet og som generelt eller konkret er bestemmende for rettigheter eller plikter til private personer (enkeltpersoner eller andre private rettssubjekter)». Parter har rett til innsyn i saksdokument. Eventuell klage skal sendast Vestre Slidre fjellstyre innan 3 veker frå mottak av dette vedtak.*

Vestre Slidre fjellstyre den 14.05.21

Kenneth Monsen  
sekretær

Utskrift:  
Statskog